



Saksbehandlar: Stine Mari Nytun Leirdal, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/4114-4

Regional strategisk plan for kysten 2018-2029

Utlegging til offentleg ettersyn

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Høyringsutkast til Strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029 vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 24.04.2018, jf. plan- og bygningslova §§ 8-1 til 8-4.

Vedlegg:

1. Strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029, høyringsutkast
2. Strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029, kunnskapsgrunnlag

Andre relevante dokument i saka:

Planprogram til Strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029
(http://www.sj.no/getfile.php/3986189.2344.bstwwlsmqtnamp/161102_vedteke+planprogram+for+strategisk+plan+kysten.pdf)

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I Regional planstrategi 2016-2020, vedteke i fylkestinget sak 23/16 den 14.06.2016, går det fram at det skal utarbeidast ein strategisk plan for kysten. Planprogrammet til planen vart vedteke i fylkesutvalet sak 112/16 den 02.11.2016, og definerer følgjande hovudmål for arbeidet: «*Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og mange gjestande.*» Hovudintensjonen er å skape eit grunnlag for ein sterkare kyst, som blir prioritert både regionalt og nasjonalt.

Det er gjennomført eit omfattande arbeid når det gjeld innspel og medverknad i planarbeidet. Dette var viktig for å sikre god forankring og oppslutnad om arbeidet. Planen er utarbeidd i samverknad mellom ei prosjektgruppe, ei referansegruppe og ei strategigruppe. Prosjektgruppa leiar planarbeidet og består av konsulentar frå Norconsult AS og administrative representantar frå fylkeskommunen. Referansegruppa består av ein representant frå administrasjonen i kvar av kystkommunane, representantar frå administrasjonen i fylkeskommunen, ein representant frå Fylkesmannen, ein representant frå Fiskeridirektoratet, ein representant frå Statens vegvesen og ein frå Kystverket. Strategigruppa er sett saman av ordførarane i dei ni kystkommunane, fylkesdirektør for næring og plansjefen.

Planprogrammet vart presentert for referansegruppa den 14.06.2017. På dette møtet kom referansegruppa med forslag til spissing av kunnskapsgrunnlaget. Referansegruppa sette ned fire temagrupper for tema som vart sett på som særskilt viktige. Desse fire tema var arealbruk og vern, maritimt, marint og samferdsle.

Strategigruppa og referansegruppa foreslo i møte 20.11.2017 å arbeide vidare med følgjande strategitema: arealplanlegging, samferdsle, kompetanse, næringsutvikling og organisering. Planutvalet vart orientert om status i planprosessen den 22.11.2017 (sak 8/17). Planutvalet slutta seg til at det vert utarbeida strategiar med utgangspunkt i temaa ovanfor. Planutvalet gjorde også vedtak om at strategiarbeidet skal kunne sette dei ulike satsingane på kysten inn i eit system og sikre at dei supplerer kvarandre og evt. dekker område som ikkje er tilstrekkeleg handtert tidlegare. Dersom strategiarbeidet i nokon grad kan komme til å utfordre prioriteringar i andre planverk, må ein vurdere dette, og med utviklingspotensialet i det nye fylket frå 2020.

For å sikre at planen får ein meirverdi utover dei andre fylkeskommunale planane, vurderte strategigruppa i møte den 08.12.2017 det som nødvendig å spisse planen ytterlegare. Konklusjonen frå møtet var at ein konsentrerer seg om strategiområda arealplanlegging og organisering spesielt. For fyrstnemnde vart det peika på behovet for å samarbeide om kunnskapsgrunnlag i sjø, og moglegheita for felles arealplanlegging i sjøen som grunnlag for verdiskaping. Når det gjaldt organisering såg strategigruppa behov for å etablere eit kystråd.

Strategigruppa gav innspel til strategiane, handlingsprogram og kunnskapsgrunnlag i møte den 31.01.2018.

2. Strategidokument

Det er utarbeidd fire strategiar i strategidokumentet:

- etablere eit kystråd
- ta styringa i kampen om sjøareala
- knyte saman kysten med betre infrastruktur
- auke skaparkrafta og evna til nyskaping

Nasjonale føringer og retningslinjer m.m. innan områda kyst, arealbruk, samferdsel og næringsutvikling, samt regionale planar ligg til grunn for arbeidet med Strategisk plan for kysten.

For kvar strategi er det utarbeidd eit handlingsprogram for perioden 2018-2021. For alle oppgåvene i handlingsprogrammet er det sett ein eller fleire initiativtakrar, støttespelar og tidspunkt for gjennomføring. Kostnader for gjennomføring av oppgåvene i handlingsprogrammet må vurderast og ev. innarbeidast i budsjett og økonomiplan.

Etablere eit kystråd

Kystkommunane etablerer eit kystråd, der ordførarane sit i styret. Eit slikt forpliktande samarbeid skal jobbe for prioritering av kysten, sikre merksemd og oppfølging av felles lokale/regionale satsingar i kampen om sjøareala, etablering av infrastruktur, samt skaparkraft og nyskaping. Samstundes skal kystrådet bidra til at kysten står sterkare saman for å påverke rammevilkåra for utvikling, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

I tilrådinga frå planutvalet sak 8/17 stod det at strategien skulle vurdere samanhengen med utviklingspotensialet i det nye fylket frå 2020. I kunnskapsgrunnlaget har vi henta kunnskap og erfaringsgrunnlag frå Hordaland og Møre og Romsdal, men vi har ikkje vurdert det totale utviklingspotensiale til kysten i det nye fylket frå 2020. Dette vil vere ei av oppgåvene til eit kystråd.

Ta styringa i kampen om sjøareala

Marin grunnkartlegging og marinbiologisk kartlegging må fullførast for heile kysten av Sogn og Fjordane. Dette for å sikre oppdatert kunnskapsgrunnlag for seinare felles/samordna arealplanlegging mellom kommunane, slik at best eigna areal vert sett av til næringsutvikling, uavhengig av kommunegrenser og den enkelte kommune sine planressursar.

Knyte saman kysten med betre infrastruktur

Å etablere felles satsing på betre infrastruktur for å utvide bu-, arbeids- og serviceområde (BAS-områda) langs kysten er viktig for å auke attraktiviteten for næringsutvikling og busetjing. Det må gjerast eit langsiktig arbeid for å realisere betre infrastruktur nord-sør og betre vilkåra for transport av personar og gods sjøvegen, samt etablere betre digital infrastruktur.

Auke skaparkrafta og evne til nyskaping

Auka samarbeid på alle plan i næringsutviklingsarbeidet for å gi næringsaktørane betre tilgang til kompetanse og kapital, samt forståing for å gjere seg nytte av moglegheitene som finst. I dette

ligg også eit auka fokus på samarbeid mellom forvaltning og næringsliv. Betre dialog for å sikre bruk av støtteordningar (til dømes Innovasjon Norge og Norges forskningsråd), som via næringsorganisasjonar og næringsaktørane sjølve gir realiserte nye prosjekt.

3. Vidare arbeid

Det er lagt opp til at Regional strategisk plan for kysten vert lagt ut til offentleg ettersyn, med høyringsfrist 27.04.2018, jf. plan- og bygningslova §§ 8-1 til 8-4. Etter høyringsfristen er det planlagt at innspela frå høyringsperioden blir gjennomgått med strategigruppa før behandling i fylkesutvalet. Planen skal vedtakast i fylkestinget i juni 2018, jf. FT-sak 34/17.

Det var budsjettert med tre millionar kroner til utarbeidning av planen. Grunna høgare eigeninnsats fra fylkeskommunen si side i planarbeidet og at vi har gjennomført mykje av analysearbeidet sjølv, vil det stå att ein del midlar når planarbeidet er ferdigstilt. Kommunane vil difor få tilbakeført noko av midlane dei har bidrøge med. Kostnader for gjennomføring av oppgåvane i handlings-programmet må vurderast og ev. innarbeidast i budsjett og økonomiplan.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen vil rá fylkesutvalet til å legge planframleggget ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 27.04.2018, jf. tilråding til vedtak.